



Ei høgtidsstund då Kaare Skaala vart overlevert Kongens fortenestemedalje av ordførar Perder Slettebø Sjø.

Uskedal sokneråd var representert på Kongens medaljeutdeling til Kaare Skaala i dag. Kaare Skaala var redaktør og grafisk ansvarleg for jubileumsboka Uskedal kyrkje 1914 - 2014. Tre års arbeid saman med boknemnda førte fram til ei vakker bok med tittelen Høyr kor kyrkjeklokka kallar. Skaala er mannen som redigerte og førte i pennen boka Stølar og setrar i Kvinnherad der stølane i Uskedalen er registrerte og omhandla.



[Kirsten \(f. Sunde \) og Kaare Skaala saman med ordføraren.](#)

Kirsten og Kaare Skaala har fem born. Kirsten, fødd Sunde, kjem frå Uskedalen. Ho møtte Kaare alt som realskulelev i Rosendal og etter giftarmål i 1960 gjekk ho saman med Kaare inn i gardsdrifta på Skåla. Ho har vore ei viktig støtte for mannen sin i alt samfunnsnyttig arbeid han har delteke i.

I ordføraren sin tale vart Kaare Skaala framheva som ein heidersperson med klare mål, stor lokalkunnskap og ei framifrå formidlingsevne munnleg og skriftleg. Dette kjem klart fram i arbeidet hans som turleiar, sogeskrivar, bokredaktør, forfattar og ikkje minst som ein sentral person i ulike restaureringsprosjekt. Arbeidet hans har vore synleg i ein tidsperiode på over 50 år. Kaare Skaala har enno stor arbeidsevne. I samtalen med uskdalen.no fortel han at det neste kan bli ei lyrikkbok med mange og nye dikt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal